

Saksbehandlar: Reidun Sørestrand Hågvar, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 20/105-3

Avtale om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet - utøving av opsjon på forlenging

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Avtale med PwC om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet vert forlenga ved utøving av opsjon til 01.06.23

Vedlegg:

1. Avtale om kjøp av sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet 01.06.17 – 01.06.19
2. Avtale av 5.9.19 om utøving av opsjon knytt til kjøp av tenester som sekretariat for kontrollutvalet - nye Sogndal kommune
3. Framlegg til avtale om sekretariatsfunksjon for kontrollutvala – utøving av opsjon på forlenging 01.06.21 - 01.03.23
4. Tilbod til kontrollutvala i kommunar i Sogn, frå Vestland fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I kommunelova §77 punkt 9 er det kommunestyre som skal syte for at kontrollutvalet har sekretariatsfunksjon.

Sekreteriatet sine oppgåver er å forbereda og utgreiia saker for kontrollutvalet. Sekretariatet skal fylgje opp vedtak som kontrollutvalet gjer, slik at desse vert iverksette. [*Jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon.*](#)

Dei tre gamle kommunane, Balestrand, Leikanger og Sogndal hadde likelydande avtalar med PwC AS om sekretariatsfunksjon for kontrollutvala i kommunane (vedlegg nr.1). Avtalen tredde i kraft 01.06.17, og var gyldig til 01.06.19, med opsjon på 2+2 år. Dei gamle kommunane utøvde ein opsjon på å forlenga avtalen ut året 2019. Nye Sogndal og PwC AS utøvde opsjon slik at PwC AS leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet i Nye Sogndal kommune for perioden 01.01.20 – 01.06.21. (vedlegg nr 2).

2. Vurderingar

Opsjonsavtalen som nye Sognda kommune har med PwC i dag, er med utgangspunkt i avtale frå 2017-2019. Opsjonen har vore utøvd i 2 år til 2021, og det gjenstår 2 år av opsjonstida til 2023 frå gjeldande avtale.

Kontrollutvalet drøfta i møte 23.02.21 og dei vil rå administrasjonen til å forlengje avtalen med PwC som sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i samsvar med opsjon i eksisterande avtale. Sekretæren gjekk frå møte unde denne drøftinga.

Det er konsensus i kontrollutvalet om å rå til at administrasjonen nyttar opsjonen til å forlengje noverande avtale om kjøp av sekretariatstenester.

Ein kan og ha konkurranse for sekretariatstenester for kontrollutvalet. Dette vil verte lyst ut etter gjeldande reglar i lov om offentlege anskaffelsar. Det er fleire aktørar som kan gi tilbod innan desse tenestene. Ein av desse er Vestland fylkeskommune, jf vedlegg nr 4.

Ved anbodskonkurranse vil ein ikkje rekke fristen 01.06.21 for evt. anna leverandør av tenesta. Ein må i ei anbodskonkurranse pårekne at det vil vere ny leverandør på plass plass til hausten. Ein må i eit slik tilfelle forlengje avtalen med PwC til ny avtale med leverandør er inngått.